

Godt med folk og god førjulstemning.

01.12.2017



Grano er tent, og grillane på plassen gjorde det ekstra koseleg.

**Presis klokka fem vart den flotte julegrana i Uskedalen tend, og like etter tona den vakre julesongen Det lyser i stille grender frå instrumenta til dei rutinerte musikarane i Uskedal musikklag. Då var det samla mykje publikum til dette førjulsarrangementet som har vore árvissst i ulike former heilt sidan første tenninga i 1963.**



Musikklaget spelte julemusikk til tenninga for 55. gong.

Før grana vart tent i kveld hadde alt musikklagsgjengen spelt ein fin bukett kjende og kjære julesongar. Etter tenninga heldt dei fram med nokre nummer, og sytte for at julestemningen verkeleg kom til bygda.

Etter tenninga og musikken fordele folk seg på ulike tilbod og aktivitetar. Nokre fylte opp Helgheimskjellaren der det var servering av julegraut. Andre tok turen til hovudetasjen i ungdomshuset der det vart bydd på lappar, saft og kaffi som ein kunne kosa seg medan dei som ønskte det kunne pynta peparkaker, medan andre, helst av dei yngste, kunne pynta seg sjølv hos ansiktsmalarane. Dei fiksa både nisse og mus. I Helgheim var det også lynlotteri.

Mange tok turen til Gamleskulen der det også var fullsett. Her kunne dei drøsa og kosa seg med store mengder deilige kaker og kaffi/saft. På vegon dit passerte dei DNT Ung som skapte stemning rundt grillane sine og sytte for at kunne få både pinnebrød og pølsjer i magen. Mange benytta seg av dette flotte tilbodet som var nytt av året. I det fine førjulsveret med temperatur rundt null grader.

I kyrkja vart suksessen frå fjaråret med engleverkstad fulgt opp. På tre ulike stasjonar laga fornøgde barn englar av forskjellig slag. Foreldre og besteforeldre som fulgte barna var minst like fornøgde, og rundt 'produksjonsborda' var det retteleg koseleg førjulstemning. Engleverkstaden var eit samarbeid og spleiseland mellom Tårnagentane, Dei Kreative, Hobbyklubben og soknerådet.

Med Børsdalsnissen i fjerne farvatn vart det julegrantenning utan han i år. Men dei tre smånissane som erstatta han klarte seg godt. Dei var så flinke og snille at eg trur dei må vera litt i slekt med Børsdalsnissen. Dermed vart årets julegrantenning, der Damevennene som vanleg var hovudarrangør, på alle måtar vellukka.



Silje Mathiesen og Eirin R. Kjærland var blant dei som sytte for julegraut.



Ingrid og Eirik kom saman med mamma Kjellrun Eik frå Halsnøy for å vera med på arrangementet.



Lappane til Mona Enes og Gina H. Berge-Soldal var populære.



Olav på onkel Johnny Miljeteig sitt fang vart ein flott nisse etter at Linda Jensen var ferdig med malinga.



Saima Kristine L. Døssland i midten og søstrene Silje og Stine Soldal er klar til å ta mot dei som vil pynta peparkaker.



Og Randi Nybakk har gjort seg klar til loddsgalg.



Hos DNT Ung kunne vi få grilla pølser og pinnabrød.



I Gamleskulen var det kø for kaker og kaffi.



Mange ville laga papienglar.



Oskar frå Korsnes i følgje med mamma Sylvia lærte å laga fine englar av blåskjel.



Så flotte englar laga Ebba av blåskjel.



Ivrige jenter lærer å laga flotte englar av Svanhill Haugland og Eli Roseth Eik.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Veslemøy Haugland, Knut Johannes Ripel og Thor Inge Døssland